



Ein asfaltklatt ved Djupehølen er den einaste reparasjon som er skjedd på Døsslandsio førebels

I november skreiv uskedalen.no at det var eit visst håp om nyasfaltering av den sterkt nedslitne Døsslandvegen (opp til Haugland) dette året.

Men diverre er ikkje vegen med på asfalteringsprogrammet som no er offentleggjort. Det skal asfalterast 12,3 kilometer av fylkesvegane i kommunen i 2010.

Den strenge vinteren har fare stygt med vegane og ført til omprioriteringar. Difor har tre små parsellar i Ølve to parsellar mellom Rosendal og Løfallstrand og ein parsell mellom Gravdal og Eide vorte prioriterte.

På lista for dette året ellers står 900 meter mellom Stussvik og Håvik, 1.800 meter mellom Ersland og Handeland, 800 meter mellom Husnes og Långgot, knapt 3 kilometer mellom Herøysund og Våge, 1.200 meter mellom Porsvikskar og Sunde og fire mindre parsellar mellom Løfallstrand og Sundal. Asfalteringa skal i gang i veke 18.

Opprinneleg var vegen på Døsslandsio med på Statens vegvesen sitt dekkeprogram for dette året men dei ansvarlege kunne heller ikkje i november gje nokon sikker garanti for at det verkeleg skulle skje noko no.

I fjor vart det føreteke ein mindre reparasjon ved Djupehølen der vegen var i ferd med å bli ut, men meir vil altså ikkje skje førebels.

Av Ola Matti Mathisen